

Etnedal kyrkjelege fellesråd
2890 Etnedal
Att: Marie Bjørnødegård

ÅI, 2015-12-02

Vår ref: 601523-01,

SKISSEPLAN - FYLGJEBREV

Nord - Etnedal kyrkjegard – utviding, detaljprosjekt

Etter å ha fått godt grunnlagsmateriale for å vurdere tiltaket, er det utarbeidd forslag til tre alternative måtar å gjere ei utviding ved Nord-Etnedal kyrkje på. To av dei er innanfor regulert område (teikningane LO101-S og LO101-S2), og det tredje er forslag til bruk av området aust for bårehuset/eksisterande kyrkjegard (teikning LO101-A).

Hovudutfordringa for utviding ved Nord-Etnedal er grunnvassnivået. Dette er heilt avhengig av vassføringa i Dalselvi som stryk rett forbi på sørsida, av eksisterande kyrkjegard. Det er også mot sør det er regulert eit område til utviding. Her er dei tre skisserte løysingane presentert i kort:

- Sørover, med fall mot sør (LO101-S): Hårfint, akkurat nødvendig høgde ved normal til stor vassføring i Dalselvi, og ein får ikkje til meir enn 1% fall på overflata, noko som eigentleg er for lite, men som er lik den situasjonen som er på eksisterande kyrkjegard sør for kyrkja. Denne løysinga ser altså ut til å vere mogeleg, men med så lite klaring til normal grunnvasstand, som er så avhengig av vassføringa i elva, vil dette vere ei usikker løysing for framtida. Vassdraget ikkje er regulert, og det vert truleg heller tettare mellom flomsituasjonane i åra som kjem, enn det som har vore.
- Sørover med fall mot nord (LO101-S2): Med 2% motfall, og knekkpunkt akkurat innanfor dagens gjerde mot sør, vil ein få ein del meir høgde utover utvidinga, og vil kunne gravlegge på den ytre halvdelen, også med ein 10 års flomsituasjon. Spørsmålet ved denne løysinga er om det estetisk sett, kan verke noko bakvendt at kyrkjegarden har eit svakt motfall utover mot elva?
- Austover, med fall mot aust (LO101-A): Ved å utvide i denne retninga vil ein truleg få enda meir høgde og klaring til grunnvassnivå (det er ikkje greve prøvehol her). Her blir det naturleg og enkelt å få til eit overflatefall på 2%. Aberet med denne løysinga er at denne staden ligg vesentleg lengre unna kyrkja, som har hovudinngangen sin mot vest, slik at prosesjonsvegen blir lang og noko «kronglete».

Det blir no opp til dykk å ta den endelege avgjerdsla på kven av desse løysingane de ynskjer å gå vidare med, men også detaljane i anlegget kjem no på dagsordenen. Teikningane er berre fyrsteutkast – så de må også sjå på løysingane generelt. Det er krav om universell tilkomst til den nye delen, og då krevst det minimum grusveg i 1,8m breidde. Det er teikna grus i 1,8m pluss 0,1m skulder, altså 2m total breidde på skisseforsлага.

Dersom de vel utviding sør over kjem området framfor hovudinngangen inn som eit moment som bør løysast betre enn i dag, for å kunne komme forbi med ein smal grusveg. (NB! Eg har ikkje koordinatar på eksisterande gravfelt, heller ikkje detaljerte mål på trappa mot vest.) Dersom ein fyrst skal gjere noko her, er det også eit spørsmål om universell tilkomst til kyrkjebygget også burde løysast.

Ved utviding mot sør er det også eit spørsmål om korleis vegen austover skal ligge. På skisseforsлага ligg den «oppå» eksisterande mur, og seier dermed noko om at det har vore ei grense her ein gong. Ved å gjere det slik blir det ikkje nødvendig å sanere graver for å få vegen fram Det vil måtte bli gjort dersom vegen, skal ligge i same vinkel som kyrkjebygget som vist med alternativ midtlinje, på teikning LO101-S (raud, stipla strek).

Dersom ein vel å utvide austover bør det også vurderast å få på plass ein grusa prosesjonsveg heilt frå inngangen i vest og til bårehuset, slik at anlegget «heng saman».

Vedlegg: LO101-S, LO101-S2 og LO101A

- Høyrer frå dykk!

Med venleg helsing

Marianne Laa
Marianne Laa
Landskapsarkitekt MNLA – Asplan Viak , Ål – tlf. 97165167